

Kjære medlemmar,

07.03.22

Alle skal ha fått medlemsmail med årsmøtesakene og invitasjon til årsmøtet vårt 17.03.22 [Årsmøte 2022](#) I årsmeldinga skreiv vi om nok eit uvanleg år i 2021, med koronapandemien. Ikkje visste vi da kva slutten av februar 2022 skulle bringe, med Russland sin invasjon av Ukraina og alt det bringer med seg. Som de kanskje har sett på facebook gruppa vår og i Fysioterapeuten har både NFF og World Physiotherapy som vi er ein del av tatt sterk avstand frå invasjonen.

Forrige veke hadde tidsskriftet vårt temaveke med fokus på skolefysioterapi <https://www.barneogungdomsfysioterapi.no/aktuelt-ung> Det er stadige mediautspel om kor vanskeleg pandemien har vore for ungdommane. Kva no, når verdensfreden er trua? Som fysioterapeutar kan vi mykje om korleis stress og spenningar set seg i kroppen. Mest-kartleggingar i Trondheim viser at elevar i den vidaregåande skolen nevner stressmestring som ønska tema, uavhengig av krig, og der må vi melde oss på. Vi kan blant anna bidra til bevisstgjerung av balanse mellom aktivitet og kvile, spenning og avspenning. Dette kan vere nyttig for mange, for innimellom stresset må vi alle kunne finne ro på ein eller anna måte.

I tidsskriftet kan du også lese om at 8 av 10 ungdommar med samansatte behov svarer at dei i liten grad er tilfreds med livet, til samanlikning opplever 2 av 10 ungdommar generelt det samme: [ungdom med sammensatte behov](#) Vi er ei viktig gruppe for desse ungdommane og bidrar på ulike måtar. Eit tiltak kan vere å bidra til at ungdommen har ein god individuell plan (IP), der planen blir drøfta på ansvarsgruppemøte. Da kan ein i større grad unngå at tenestene arbeider stykkevis og delt og kan oppnå at ungdommen sine målsettingar og ønske lettare blir ivaretatt. Det seier iallefall rapportar som har evaluert IP der den fungerer etter intensjonen.

Fristen for stipendsøknad er 1 april! Vi har nytt søknadsskjema, og det finn du her: [Stipendsøknad](#)

Merk at du kan søke Fondet om dekning av reiseutgifter også til kortere kurs, som Fysioterapikongressen. <https://fysiofondet.no/Hva-kan-det-soekes-om> På årsmøtet skal vi blant anna ta viktige valg om tidsskriftet framover. Vi oppfordrer alle til å sjekke tidsskriftet vårt regelmessig, for der blir det stadig lagt ut nytt fagstoff. Målet er at tidsskriftet vårt er stedet du går for fagleg oppdatering om fysioterapi for barn og unge!

Faggruppa arrangert på februar kurs i NUBU på Lillehammer. Vedlagt er påmeldingslenke for NUBU-kurs i Oslo 20. mai [NUBU kurs i Oslo](#) Det vil også bli mulegheit for å delta på NUBU-kurs i Grimstad fredag 23. september og truleg også i Trondheim til hausten. Desse kursa skjer i samarbeid med regionane og vil bli annonsert i kurskalenderen til NFF.

Vi håper å sjå deg på årsmøtet og Fysioterapikongressen 2022!

På vegne av styret,

Ingunn Skogseth-Stevens

Leder faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi